

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 26.04.2017**

**Sigbjørn Framnes (Frp)** stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er varamedlem i styret for Sunnhordland kraftlag. Han har ikkje møtt i styret. I førre periode var han styremedlem i selskapet. Framnes gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for kultur, idrett og regional utvikling vedtok samrøystes at han ikkje var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd.

Sigbjørn Framnes tiltredde saksbehandlinga.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Hordaland fylkeskommune rår til overføring av Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til Blåfalli III i Blådalsvassdraget i Kvinnherad kommune.

Av omsyn til landskap av stor verdi, fossefall og brunaure, regionalt friluftsområde av stor verdi, gamle stølsområde og stor samla belastning på Blådalsvassdraget, rår Hordaland fylkeskommune til å auka minstevassføringa i Grøningsbekken 2 og Bekk Urdabotn til minst det doble i sommarhalvåret. For fossefall må eigne reirkasser setjast opp der trygge reirplassar forsvinn.

Med slike avbøtande tiltak er prosjekta etter fylkesrådmannen si vurdering i samsvar med Klimaplan for Hordaland sitt mål om å auka produksjonen av fornybar energi med minst mogleg arealkonfliktar, utan tap av naturmangfald, samt strategi om å prioritera lagring av energien. Prosjekta vil då også vera i samsvar med Fylkesdelplan for små vasskraftverk i Hordaland sine retningsliner for energiproduksjon, miljø og verdiskaping.